

Sluttrapport bulystprosjektet «Hjelmeland 24-7»



Bilete er frå «kick off» seminar med prosjekt og arbeidsgruppene oktober 2011

Prosjektansvarleg Hjelmeland kommune.
Prosjektnavn: «Hjelmeland 24-7»

Gjennomført med støtte frå Kommunal og
moderniseringsdepartementet.

Lokale samarbeidspartnarar:
Nasjonalforeningen Jøsneset helselag, Årdal bygdaråd,
Hjelmeland bygdekvinnelag, Hjelmeland ungdomsteater,
Hjelmeland samfunnshus og teaterlag.

Prosjektleiari: Åsmund Sigmundstad.
Kontaktperson i fylkeskommunen:
Eli Monsen.
Prosjektleiari var leiari i styringsgruppa.
Prosjektgruppe og styringsgruppe er identisk i dette prosjektet.

Medlemmer i prosjektstyringsgruppa:

Dagfinn Hatløy, Årdal bydaråd
Ingeborg Westersjø, Jøsneset helselag
Judith Synnøve Svendsen og Roger Sjørnsen, Hjelmeland samfunnshus og teaterlag.
Palma Ommundsen, Hjelmeland bygdekvinnelag.
Eldfinn Austigard, Hjelmeland kommune, leiari kulturseksjonen.
Åsmund Sigmundstad, prosjektleiari og dagleg leiari frivilligsentralen.
Etter at Hjelmeland ungdomsteateret vart etablert representerte Morten Hetland ungdomsteateret i gruppa.

Arbeidsgrupper:

1. Møteplassar i naturen:
-Jøsneset: Jorunn Foss, Berit T Skiftun, Odd Fosså, Ingeborg Westersjø.
-Årdal: Dagfinn Hatløy, Gunnbjørg Melhus, Ståle Austigard
2. Kvinnenettverk: Styret i bygdekvinnelaget.
3. Mangfald: Styret i Hjelmeland samfunnshus og teaterlag.
4. Ungdomsteater: Laila Øvrehus, Tone Smith, Morten Hetland

Forankring av prosjektet

- a) Styringsgruppe X
- b) Forankring i befolkningen X
- c) Samarbeid med andre aktører lokalt, regionalt eller nasjonalt X

Formannskapet i kommunen har fått årlege rapportar.

Tema i prosjektet er forankra i kommuneplan for Hjelmeland 2011-2023:

Kap 2.1: Barn og unge. Kap 2.2: Busetjing. Kap: 3.5: Fleirkulturelt samfunn.

I tillegg forankra i Rogaland fylkeskommunes regionalplan for eit inkluderande samfunn.

Mål og eventuelle delmål med prosjektet. I kva grad har prosjektet nådd sine mål?

Mål; auka innbyggjartalet: Ikkje nådd. Innbyggjartalet har hatt ein nedgong på 27 personar: 2814 (1.1.2011), 2787 (1.1.2014). Andel innvandrarar har auka frå 13,9% (1.1.2011) til 17,3% (1.1.2014). Kjelde SSB.



Markering av ny «bulyst» benk ved Håvehammar, Jøsneset.

Mål; auka trivsel og tilbodsbreidda i kommunen: Nådd. Tilbakemeldingar frå deltakarane i prosjektaktivitetane viser at det er oppnådd auka trivsel. Gjennom etablering av nye tilbod som ungdomsteater kan ein seie at tilbodsbreidda er auka.

Delmål: Etablering av ungdomsteater: Nådd.

Delmål: Auka samhandling mellom frivillige lag og innbyggjarar/tilflyttarar. Auka deltaking av tilflyttarar i frivillig verksemd.

Aktivitetane i prosjektet har medvirka til det. Bulystprosjektet har medverka til ei positiv bevisstgjerung på at Hjelmeland har mange innvandrarar og at det er ein ressurs på lokalsamfunnet. Det er auka deltaking av innvandrarar i frivillige lag og organisasjonar, samstundes ser vi også at vi kan bli betre i å inkludere nye i våre nærmiljø. Samfunnshuset si rolle er i endring, gjennom prosjektet er det utvikla nye arrangement. Store fellesarrangement som til dømes folkehelsekickoff og jubileumsvandring har bidratt til fellesskapsfølelse på tvers av bygdegrensar, mange frivillige lag var involvert derfor har prosjektet også nådd vidare enn til våre samarbeidpartnarar.

Delmål: Utvikle inkluderande kvinnenettverk. Nådd. Mål er nådd i stor grad med god deltaking på opne arrangement og 33 nye medlemmer til bygdekvinnelaget i løpet av prosjektperioden. Auke i medlemstal frå 33-66.

Delmål: Tilrettelegging av møteplassar i naturen som fremmer inkludering og fysisk aktivitet. Nådd. Arbeidet er gjennomført med mange kreative tiltak på Jøsneset. Begge arbeidsgruppene har gjennomført både små og store tiltak. Dei har også vist at det fint går an å få til både små og store arrangement ute. Ny turveg i Årdal er godkjent av det offentlege og arbeidet med å byggje vegen er starta. Spesielt turvegen har vore eit tidkrevjande arbeid. Det grundige arbeidet av frivillige i arbeidsgruppa har også løyst ut tilsagn på ca 1 million kr frå andre eksterne midlar.



Bilete er frå Jubileumsvandringa på Geisfjell juni 2014

Målgrupper for prosjektet, har prosjektet nådd fram til desse?

1. Alle innbyggjarane. Ja. Gjennom store fellesarrangement som Loppemarked, Folkehelsekickoff, Jubileumsvandringa, Smashing Jøsneset med friluftskonsert. Like viktig er også dei innbyggjarane som er nådde gjennom aktivitetar i mindre grupper som til dømes dugnad på samfunnshuset, matlaging i Årdal, feiring av nye turbenkar på Jøsneset! Eller representantar frå frivillige lag og organisasjonar som var samla til kurs i bruk av sosiale medier og nettsider.
2. Ungdom 13-18 år. Ja gjennom ungdomsteateret.
3. Kvinner. Ja.
4. Innbyggjarane i Årdal og Jøsneset. Ja.

I alle målgruppene har me klart å nå ut til innflyttere og innvandrere. Alle arbeidsgrupper har involvert både innflyttarar/innvandrere og menneske som har budd på staden lenge.

Resultat som er oppnådd i form av aktiviteter eller tiltak

I oppstarten av prosjektet hadde me «kick off» for alle arbeidsgruppene det har me hatt nytte av heile tida. Det har vore jevnlege møter i prosjektgruppa/styringsgruppa. Studieturen til Seljord og Vinje var også med å sveise gruppene saman. I tillegg har dei fire arbeidsgruppene hatt sine møter. Det har vore nyttig dei gongene me har hatt felles arbeidsgruppemøter undervegs då har me også feira milepælar i prosjektet.

Avslutningsseminaret valgte me å dele på to seminar. Eit seminar i februar med prosjektgruppa og arbeidsgruppene og eit seminar i september der ordførar, rådmann, alle bygdaråd og frivillig lag i Hjelmeland vart invitert. Då vart resultatata i prosjektet presenterte.

Ungdomsteateret har utanom øvingar hatt fleire forestillingar, workshops/ kurs med instruktørar frå Rogaland teater, delteke på ulike arrangement.

Mangfald, auka samhandling mellom frivillige lag og innbyggjarar/tilflyttarar: Folkehelsekickoff med synleggjering av frivillige lag og organisasjonar, stor deltaking. Møte med innvandrere og bygdaråd. Maleniusgalla. Kontaktforum for frivillige lag: Polsk og tysk innvandrere fortalte om kor viktig det er å delta i frivillig arbeid. Kurs i bruk av sosiale medier for frivillige lag. Oktoberfest. Lågterskel arrangement ved Årdal sokneråd med mange innvandrere som deltakere. Loppemarked på samfunnshuset, stor deltaking med mange innvandrere. Juleverkstad på samfunnshuset. Jubileumsvandring, med mange frivillige lag involvert. Smashing Jøsneset med friluftskonsert. Humorbattle på samfunnshuset.



Bilete er frå folkehelsekickoff i Hjelmelandshallen 21.10.2012

Bygge kvinnenettverk gjennom turar, festar, lagsmøte og kurs. Bevisstgjerung av kvinner til å delta. Ei sosial bevisstgjerung av å bu og delta Hjelmelandssamfunnet. Alle arrangement er opne for alle, stor deltaking.

Møteplassar i naturen, arbeidet er vidareført med noko små justeringar på Jøsneset der skulen er blitt nedlagt, likevel er det mange kreativ tiltak og idear som er blitt gjennomført på Jøsneset med blant anna aktiv bruk av bygda si [felles nettside](#) og isbading i elva! Det er sett opp turbenker og kjøpt inn kanoar og bålpanner på turmål. Arbeidet med ny turveg i Årdal er no starta. Det har kome tilsagn på andre eksterne midler til finansiering av turvegen. Skøytedag ved Riskedalsvatnet, vinterdag i Lyngsheia, fellesdugnadssdag, julegraut i eventyrskogen med 250 deltakarar! Det er arrangert møter med innbyggjarane i Årdal og Jøsneset for å medverke til involvering.

Prosjektet har hatt god mediadekning. Dette har fått ut informasjon og vore til inspirasjon til andre frivillige lag og innbyggjarar i kommunen.

Vurdering av framdrift i forhold til opprinneleg plan

Hovedsakleg har prosjektet hatt framdrift i forhold til opprinneleg plan

Oppnådde resultat. Kor geografisk konsentrert har prosjektet hatt/vil ha effekt?

Prosjektet har hatt heilt lokal effekt i Hjelmeland kommune.

Kort beskrivelse av metodikk i prosjektet

Å involvere innbyggjarane er ein viktig metodikk i prosjektet. Samarbeid på tvers av frivillige lag og offentlege institusjonar. Bruk av frivilligsentralen som koordinator. Mobilisering av frivillige lag. Aktiv bruk av internett og sosiale media.

Overføringsverdi til dømes til andre lokalsamfunn

Erfaringar frå prosjektet kan vise kor viktig deltaking i frivillig verksemd er for inkludering og fremming av bulyst. Vi kan dele våre erfaringar med samhandling mellom frivillige verksemd og offentleg verksemd, prosjektleiar ser det som ein stor fordel at kommunen ved innsending av bulystsøknaden hadde klar 3 årige avtalar med samarbeidspartnarane i prosjektet. Samarbeidsavtalar mellom kommune og frivillige lag er kanskje noko som med fordel kan brukast meir.

Våre erfaringar og utfordringar med å inkludere innvandrarar/ innflyttarar i eit bygdesamfunn kan ha ein overføringsverdi til andre lokalsamfunn. Våre måtar å tilretteleggje møteplassar i naturen på har også overføringsverdi til andre lokalsamfunn.

Ekstern kommunikasjon og deltaking på samlinger med utgangspunkt i prosjektet

Møte med representanter frå Vinje og Seljord 4.-6. mai 2012. Arbeidsseminar KRD Gardemoen 3-4.6.2013, 2 delt frå Hjelmeland. Besøk frå Herøy (Møre og Romsdal) av bulystprosjektleiar, til Hjelmeland 31.10-1.11. KRD NettTV mangfoldseminar 6.12.2013, 6 deltakere frå Hjelmeland. Fagsamling bulyst på Herøy og Frøya 20.-22.10.2014: Prosjektleiar deltok (utgifter dekkja av anna bulystprosjekt)

Rekneskap Frå start i 2011 fram til 25.11.2014 Jfr vedlegg

	Budsjett	Rekneskap
Felles kick off seminar 29.10.2011	40000	41328,30
Mangfald, samhandling frivillige lag og innflyttere	140000	144092,40
Ungdomsteater instruktører	160000	160000,00
Ungdomsteater workshops; PR, materiell ol	120000	134630,07
Kvinnenettverk	80000	80000,00
Møteplassar i naturen	150000	155128,74
Studietur prosjekt og arbeidsgruppe	40000	32151,38
Avslutningsseminar: 19.2 på hotellet, 11.9 på samf.huset	50000	24860,63
Totalt	780000	772191,63

Budsjett eigeninnsats ut frå søknad og rekneskap eigeninnsats:

	Budsjett	Rekneskap*
Verdi eigeninnsats kommunalt tilsette	340000	340000
Verdi eigeninnsats frivillige (kr 200 pr time)	440000	483000
Sum	780000	823000

*Det er grunn til å tru at verdien av eigeninnsatsen når det gjeld antal timar brukt av frivillige på prosjektet er ein del større. Det som er teke med er ca timetal som dei frivillige i arbeidsgruppene og prosjektgruppa har brukt. I tillegg er også rekna med noko av den frivillige innsatsen ved gjennomføringa av prosjektaktivitetar. Verdien pr time på kr 200 er kanskje for låg.

Eigeninnsats kommunalt tilsette er hovudsakleg timar som prosjektleiar har brukt, i tillegg noko på kulturleiar, folkehelsekoordinator og tilsette på økonomiavdelinga.

Kva målsettinger i distrikts- og regionalpolitikken høyrer prosjektet inn under?

- Stabilisere eller auke befolkningen X
- Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser
- Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer
- Auka innovasjon eller innovasjonsevne
- Auka kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppa
- Auka tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og breibånd)
- Styrke regionale sentra
- Å gjere staden/kommunen/området meir attraktivt som bustad eller lokaliseringsstad for bedrifter? X
- Å gjere staden/kommunen/området meir attraktivt som reisemål?

Gi ein kort omtale av korleis arbeidet er tenkt vidareført etter prosjektets slutt

-Ungdomsteater vert vidareført med øvingar ein gong i veka og førebuing av framsyningar. Følg med på nettsida: ungdomsteater.teaterlaget.no

-Hjelmeland samfunnshus og teaterlag er spent på framtida, vidareføring vil skje i den grad dei er i stand til å oppretthalde eige arbeid. «Det er vilje til å endre arbeidet i meir retning av kulturelt mangfald. Bulystprosjektet har i så måte gitt eit kraftig puff i ein nyttig og spennande retning.»

-Hjelmeland bygdekvinnelag vil fortsetje arbeidet på den måten som er utvikla dei siste tre åra. Likevel ser dei utfordringar: «korleis kjem laget til å ta vare på dei nye medlemmane? Kjem laget til å gå tilbake til den gamle «tralten»? Blir laget resignerte og likesæle?» Haustprogram ligg på nettsida til [Hjelmeland frivilligsentral](http://Hjelmeland.frivilligsentral.no).

-Årdal bygdaråd vil fullføre den påbegynte turvegen. Årdal bygdaråd ser at arbeid knytta til møteplassar i naturen er ein av dei faste hovudoppgåvene til Årdal bygdaråd. Dei vil ha dette som prioriterte oppgåver framover. Samarbeidspartnerar er Årdal IL, 4H, skule og barnehage. Meir samarbeid med Årdal elveeigarlag er aktuelt. Hindringar kan vere mangel på folk som kan stille og delta og vere engasjert i slikt frivillig arbeid.

-Videreutvikle samhandling mellom frivillig verksemd og det offentlege, arbeidet er tenkt leia av kulturseksjonen og frivilligsentralen i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Eit av tiltaka er årleg kontaktforum. Det er starta planleggingsarbeid med å arrangere eit stort fellesarrangement i 2015 i samarbeid med frivillige lag for å synleggjere det viktige arbeidet dei gjer, dette er etter lærdom og modell av «folkehelsekickoff» som vart arrangert i 2012 gjennom bulystprosjektet.

-Kulturseksjonen i kommunen vil arbeide vidare med å tilrettelegge møteplassar i naturen i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

-Jøsneset bygdaråd har etablert ny prosjektgruppe som skal leie vidare bulystarbeid, målet er ei auka befolkninga i bygda. Følg med på nettsida josneset.no

-Hjelmeland kommune kjem framleis til å ha fokus på den auka andelen innvandrar i Hjelmeland blant anna gjennom bulystprosjektet «Frå innvandrar til innbyggjar» som har eit år igjen av prosjektperioden.

Vedlegg:

Rekneskapsoversyn 2011-2014.

Rapportar frå samarbeidspartnerane: Jøsneset helselag. Årdal bygdaråd. Hjelmeland bygdekvinnelag. Hjelmeland samfunnshus og teaterlag. Hjelmeland ungdomsteater.

Hjelmeland 26.11.2014, for Hjelmeland kommune:

Prosjektleder Åsmund Sigmundstad